

**From:** Joakim Skeide <joakim\_skeide@msn.com>  
**Sent:** søndag 13. mars 2022 13:15:57  
**To:** Postmottak Ulstein  
**Subject:** Innspel i skulesaka

Hei!

Eg håpar først og fremst også at fleire folk med barn i sentrumsskulane kjem med sine innspel, OM det går opp for dei at dette har stor innvikring på dei også. Ulstein kommune prøvar å skremme sentrumforeldre med at deira barn vil få eit dårligare tilbod om ikkje skulane på Skeide og Haddal vert lagt ned slik økonomien blir betre. Men det er sansynligvis motsatt. Skulane i sentrum og på Hasund vil gi borna eit mykje dårligare tilbod om det blir fyllt på med fleire elevar, både med omsyn til klassesituasjon, uteområder og konflikter.

I rapporten frå KS er det vist til lave elevtal pr/lærar på Ulstein skule. Vi er heldige i dag som kanskje har litt stor oppdekning av lærarar, og skulle nok tåle det om dekninga vil bli dårligare i forhold til å spare litt økonomisk. Men eg var overraska då eg såg at tala på elevar er lagt om slik det høver ulstein kommune best, at elevar som går på skeide i dag er ført opp i Ulsteinvik pga deira sentrumsnærheit. Dette er berre latterlig. Det er mange som vil ha barna sine på skeide, og kommunen burde holder åpne for at sentrumsbarn kunne gå på Skeide. Det er store omveltningsar no på utsida av sentrum, burde vi ikkje sjå kor mange born som er der om nokre år, og holder prøve å la fleire söke seg til den flotte skulen på Skeide i staden for truslane om nedlegging? Området er sentrumsnært og vi har gangvei UTOVER også, ikkje berre innover. Om foreldre i ulsteinvik har barn som er usikre og redd for mykje folk og store miljø, eller som kjem i konflikt med andre på skulen dei går på, kvifor skulle ikkje dei kunne velge å ha barna sine på ein flott skule der ungane får god oppfølging og masse leik i fri natur!? Er det ikkje bedre å oppmode og støtte opp om den flotte skulen i staden for å tvinge barn på 6-7 år frå flø til å bruke over 1 time kvar veg til skule? Skulle ikkje både vi og rapporten til KS ha fokus på barnets beste??

Ordførar sliper knivane i Vikebladet og viser til mindre digitale muligheter og innsparingar i skulen. Eg er ein stor fan av it kompetanse i dagens samfunn, og vi må sjølvsgart ha ipadar og meir inn i skulen. Men alle barn lærer uansett masse om slikt i dag, la oss holder ta litt vare på traidsjonar som vi har muligheta til med det fantastiske området, å ha skule i det fri når det er muligkeit for det, og ikkje gjere barna våre til junkiar av det digital samfunn frå dei kan å gå. La dei fortsatt få muligheitar til å ha skuletimar i det fri og kjenne dufta av gras, dyr og fjøre, og ikkje av pommes frites og eksos.

Den omtala eldrebølga har dokke vore med å skapt sjølv gjennom flotte fasilitetar og store leilighetsbygg på sjøsida. Det sitt mange eldre folk i kommunene rundt oss og tenkjer at her er det fint å bli gammal. For kven er som vil bo slik OG har råd til det? Unge vaksne i med barn i etableringsfase eller pensjonistar med nedbetalt hus og bil? Prisane i sentrum er pressa pga dette, og etablerarar blir «tvinga» til å flytte ut i distrikta, men skule, leikeplass og samlingsstad i krinsane blir det ikkje..Ulstein kommune sine eldreproblem blir vertfall ikkje BEDRE av at dei kun satsar på sentrum og ikkje krinsane.

Ellers går innbyggjartal litt i bølgedalar og følgjer konjunkturar ellers i samfunnet. I mi tid på skeide skule for 40 år sidan hadde vi også delte timar med eit klassetrinn over i nokre fag, pga små klasser. Har det endra seg so mykje på 40 år? Nei, det har kanksje gått ned siste 10 år og har ein dårlig trend nett no, so vil det sikkert gå opp igjen dei neste 10 år. Det einaste som har endra seg er at Ulstein Kommune no er tom for pengar, og prøvar no å stjele frå barna og gi til dei gamle. BARNA er framtida vår, og fortener ikkje å bli satt til side fordi kommunen har hatt lite gangsyn i høve investeringar og no sit med høgste

gjeldsgrada i Norge. Er det virkelig naudsynt å utsette små barn for å henge i sentrum å vente på bussar at med mykje større elevar frå ungdomsskule, eit miljø som er kjent for å vere ganske hardt endatil for jamnaldrande?

Eg lurer på kor de tenkjer folk som i framtida vil flytte til Ulsteinvik vil busette seg? Enten det er pga oppsving i verftsnæring eller andre lokale nyvinningar frå smarte sunnmøringer som plutselig skapar masse arbeidsplassar. Den siste gullåra er enno ikkje funnen! Ulsteinvik sentrum er stort sett fullt, om ein ikkje skal fylle ut sjøen eller flytte heilt på fjellet. Det er mot osnes/skeide/ulstein og hasund det er god plass og som er ganske sentrumsnært. Er det ikkje å skyte seg i foten å legge ned skular når vi VEIT at det er HER utbygginga i framtida må skje? På vollane har grunneigarar i 8 år prøvd å få omgjort mark til boligformål. Denne saka har blitt lagt underst i papirbunken, men eit boligomårde også har kunne generert enda meir barn til Skeide. Det er tross alt der dei natulig burde sokne alle frå reiten og utover. Der som er lite trafikk, gåvei og trygt å ferdast til fots, ski og med sykkel. Likevel tviheld de på reglane om å la flest mulig ha trafikkfarlig skulevei, leveringskaos for foreldre og en generasjon som skal oppflaskast på centrumskiosken! Gratulerer.

Mvh Joakim Skeide